


# RAPPORT OVER DOKUMENTASJON AV NYFUNNE HELLEMALINGAR PÅ STEINBERGET VED ESPEDALSVATNET

ID243303, Steinberget, Innlandet Fylkeskommune

Gjerde, Jan Magne







Tittel  Rapport over Dokumentasjon av nyfunne hellemalingar på Steinberget ved Espedalsvatnet  ID243303, Steinberget, Innlandet Fylkeskommune	Rapporttype/nummer  NIKU Oppdragsrapport 104/2020	Publiseringstidspunkt  25.11.2020
	Prosjektnummer  1021508	Oppdragstidspunkt  2018-2020
	Forsidebilde  Steinberget, Felt 1. Satt sammen av foto av feltet (øverst) og _lids Dstretch filter (nederst). Foto: 184A6012.jpg og _lids.jpg.	
Forfatter(e)  Gjerde, Jan Magne	Sider  88	Tilgjengelighet  Åpen
	Avdeling  Nordområde	

Prosjektleder  Jan Magne Gjerde
Prosjektmedarbeider(e)  Jan Magne Gjerde
Kvalitetssikrer  Alma Elizabeth Thuestad

Oppdragsgiver(e)  Innlandet Fylkeskommune (tidligere Oppland Fylkeskommune)
---

Sammendrag  Rapporten er ein oversikt over dokumentasjon av dei nyleg funne hellemalingane ved Steinberget i Innlandet Fylkeskommune. Det vart i 2018 innrapportert eit nyfunn av hellemalingar ved Espedalsvatnet i Sør-Fron. Hellemalingane vart dokumentert i felt i 2018 og 2019. Under feltarbeidet vart det avdekka eit nytt felt med hellemalingar i nærlieken av det tidlegare kjende feltet. Til saman vart det dokumentert 34 figurar / restar av figurar ved dei to felta på lokaliteten Steinberget. Det vart dokumentert 31 figurar på Felt 1 og 3 figurar på Felt 2. Steinberget er den første lokaliteten med bergmalingar i Innlandet Fylkeskommune.
--

Emneord  Bergkunst, hellemaleri, hellemalingar, dokumentasjon, digital dokumentasjon
--

Avdelingsleder

Alma Elizabeth Thuestad

## Forord

Eg vil først rette ei stor takk til Henriette Aasen som la tilhøva til rette under feltarbeidet ved begge synfaringane under dokumentasjonsarbeidet. I tillegg deltok Mildri Een Eide og Unni Tveiten Grøtberg Innlandet Fylkeskommune på feltarbeidet i oktober 2018 og Axel Hee Rømer på feltarbeidet i september 2019. I tillegg vil eg takke Innlandet Fylkeskommune for tolsemd ved ferdigstilling av denne rapporten.

## Innhald


1	Innleiing .....	7
2	Generell arbeidsflyt og dokumentasjon .....	8
3	Lokaliteten Steinberget ID243303 .....	16
4	Hellemalingane – ei generell skildring .....	18
5	Inndeling av lokaliteten .....	25
5.1	Felt 1 .....	25
5.2	Felt 2 .....	34
6	Generell tilstand av hellemalingane .....	40
7	Menneskeskapte skader frå figur til lokalitet .....	42
8	Datering, kontekst og samanlikning med andre lokalitetar .....	45
9	Kvartsittforekomst .....	46
10	Oppsummering .....	48
11	Litteratur nytta i rapporten .....	48
12	Figurskildring .....	49
12.1	Figurskildring Felt 1 .....	49
12.2	Figurskildring Felt 2 .....	53
13	Figurdokumentasjon DStretch .....	53
13.1	Figurdokumentasjon Felt 1 .....	54
13.2	Figurdokumentasjon Felt 2 .....	83



## 1 Innleiing

Denne rapporten omhandlar dokumentasjonsarbeidet av hellemalingane ved den nyleg funne lokaliteten Steinberget ved Espedalsvatnet i Sør-Fron Kommune i Innlandet Fylkeskommune (tidlegare Oppland Fylke). Hellemalingane ved Steinberget vart funne i 2009 av Tore Tallaug, men først innrapportert i 2018. I utgangspunktet skulle arbeidet med dokumentasjon omfatte ein lokalitet med hellemalingar. Det vart under feltarbeidet i 2019 funne eit nyt felt rett aust for den kjende lokaliteten. Dokumentasjonen av denne er difor inkludert i denne rapporten. Prosjektansvaret låg ved Innlandet Fylkeskommune og dokumentasjonen er utført av Jan Magne Gjerde med assistanse frå Innlandet Fylkeskommune, særskilt ved Henriette Aasen. Gjennom heile arbeidet med dokumentasjonen og rapporten er NIKU særskilt nøgd med innsatsen til representantane frå Innlandet Fylkeskommune.

Feltarbeidet vart utført i 2 omganger. Den første synfaringa og preliminær dokumentasjon vart utført 22 november 2018 av Jan Magne Gjerde i samarbeid med Innlandet Fylkeskommune ved Henriette Aasen, Mildri Een Eide og Unni Tveiten Grøtberg. Her testa ein ulike kamera og gjorde ein preliminær synfaring og dokumentasjon av lokaliteten og omgjevnadane. Feltarbeidet var særskilt krevjande i og med at det var tynn is på Espedalsvatnet. Dette gjorde at strenge HMS-tiltak var på plass for å hindre eventuelle utfordingar. Den glatte isen skapte ein del utfordingar. Det gjorde at under fotograferinga falt Jan Magne Gjerde bakover og landa på isen. 4 cm is heldt som forutsett. Men den store fordelen var at ein kunne gå på isen og komme nær figurane utan båt som ein måtte ved den andre synfaringa der hovuddelen av dokumentasjonen vart utført. Dette vart gjort 23 til 25 september 2019 av Jan Magne Gjerde og Henriette Aasen. I tillegg deltok Axel Hee Rømer den 23 september.



Figur 1. Dei tre representantane frå Innlandet Fylkeskommune og Steinberget, Felt 1 i november 2018. Frå venstre mot høgre: Mildri Een Eide, Unni Tveiten Grøtberg og Henriette Aasen. Den store rosa i isen er spor etter fallet på isen under fotografering. Foto DSC05941.JPG, Jan Magne Gjerde.

Finansieringa av denne rapporten er gjort av Innlandet Fylkeskommune og Riksantikvaren gjennom Riksantikvarens bevaringsprogram for bergkunst (BERG). I tillegg er det lagt inn ein eigenandel frå NIKU på testing av ulike filter i Dstretch med utgangspunkt i fotomaterialet frå dei to synfaringane. I tillegg er det testa ut ulik nærleik til berget ved fotografering som eit led i dokumentasjonen. Dette er sjølv sagt ikkje naudsynt, i alle samanhengar, men har gitt ein betre dokumentasjon og som i større grad kan etterprøvast ved hellemalingane ved Steinberget.

## 2 Generell arbeidsflyt og dokumentasjon

Viktigheita av å vitje lokalitetar meir enn ein gong kjem godt fram i denne rapporten. I dette tilfellet resulterte det i eit nytt felt og at figurmassen vart auka frå 7 figurar etter første synfaringar av Innlandet Fylke (da Oppland fylke) og KHM ved UiO til 14 figurar etter fyrste synfaring i november 2018 og etter siste synfaring i september 2019 med dokumentasjon totalt 34 figurar fordelt på to felt. Inndelinga av figurar kan sjølv sagt diskuterast, men det som kjem fram som maling har fått individuelle figurnummer bortsett frå nokre einskilde prikkar (figurnummer 13) som har fått 1 nummer på Felt 1.

Det vart tatt foto til fotogrammetri av begge felta. Dette for å lage fotogrammetri av felta, men og for å kunne nyttast i formidlingsøyemed ved ei seinare anledning. Ved fotogrammetri er programmet Agisoft Metashape<sup>1</sup> nytta for å lage fotogrammetriane nytta i dokumentasjonsarbeidet og i denne rapporten.

Når det kjem til figurdokumentasjonen, er lystilhøve er avgjerande for kva ein kan få ut av den digitale bildebehandlinga. I den digitale biletbehandlinga er det nytta programmet Dstretch, samt Adobe Photoshop for å sjå om meir av figurane kunne komme fram. Tidlegare var hellemalingane dokumentert ved kalkering medan det sidan byrjinga av 2000-talet har vore nytta ulike biletbehandlingsprogram som t.d. Adobe Photoshop for å sjå figurane betre (t.d. Slønning 2002, Slønning 2003. Gjerde 2010:Fig:35). Etter kvart har Dstretch og liknande program teke over innan dokumentasjon av hellemalingar (Gjerde og Stebergløkken 2018; Harman 2005; Harman 2016).

Begge felta er fotografert i detalj og foto fra september 2019 er sjekka opp mot 26 Dstretch filter. Sjølv om ulike filter til tider kan vise ulike detaljar syner det seg at etter ein del testing var det filteret lds og ved enkelte høve rgb, labi, crbg, ybl, lab og lbl som gav mest synlege resultat i figurdokumentasjonen ved Steinberget, men nytten av å sjå feltet med figurar syner ulike detaljar ved dei ulike filtera som vist i Figur 2- Figur 4. Ved enkelte høve kan det komme fram detaljar ved bruk av andre filter. Nokre av filtera gir og for sterkt fargegjengiving som gjer at noko av figurane vert uklar. Det synte seg og at noko av figurmassen (særskilt) dei små runde prikkane (mogelege fingeravtrykk) kom fram i godt sollys, der det ser ut som Dstretch ikkje alltid fangar opp dette tilstrekkeleg. Under etterarbeidet når ei har sjekka figurar opp mot ulike Dstretch filter har ein skjerm med originalfoto og sjekkar det da opp mot ulike filter på den andre skjermen. På denne måten hindrar ein og ein del feilkjelder ved dei ulike Dstretch filtera.

Ein av feilkjeldene er at noko av berget, utfellingar i berget og vegetasjon kan sjå ut som figur eller figurrestar når ein nytta Dstretch. Dette ser ein tydeleg framom Figur 6 på Felt 1 (den store elgfiguren) der delar av berget er falt ut / er fjerna. Dette betyr at nokre gongar kan naturelement oppfattast som rest av figur. Det er difor viktig å kombinere manuell fiksering basert på visuell observasjon i kombinasjon med digitale hjelpemiddel som Dstretch for å få ein best mogeleg dokumentasjon. Eit anna eksempel på dette er det som kjem fram som figur rett over hovudet til Figur 1 på Felt 2 der ein tydeleg ser at det er nyare brotflate og utfelling i berget som kjem fram som figur. Liknande jernutfelling som kan sjå ut som maling finn ein på Felt 1 over figur 9. Vegetasjon kan komme fram som likande farge som Figur. Det er difor viktig å sjekke opp mot foto utan Dstretch filter, samt kontroll i felt. Kontrollsynfaring kan gjerast fleire gongar, men ved at dokumentasjonen denne gongen er utført i 2 omganger er det gjort kontroll opp mot dokumentasjonen som t.d. Figur 10 som var usikker i

<sup>1</sup> <https://www.agisoft.com/>

midlertidig dokumentasjon som ikkje kjem fram som figur i den endelege dokumentasjonen. Desse faktorane syner viktigeita ved å vitje lokalitetar fleire gongar i dokumentasjonsprosessen.

Berget opptrer i sprekker og lag som ligg i ulik djupleik, noko som gjer fotograferinga meir utfordrande enn på lokalitetar som ligg på ei flate. Dette gjer at delar av fotomaterialet ikkje kan nyttast i vidare dokumentasjon. Eg set difor særskilt pris på anledninga til å vitje lokaliteten to gongar ved ulike lystilhøve. Figurane ligg på vertikale bergflater på berget, nokre stadar under overheng. Dette gjer det av og til problematisk å overføre 3D dokumentasjon til 2D dokumentasjon slik som på ei tradisjonell kalkering.


Ved fotografering vart nytta ulike kamera i dokumentasjonen for å sjå om fotoa gav ulike resultat. Under fotograferinga i november 2018 vart det nytta Panasonic Lumix TZ90, Sony A6500 og Canon 6D. Under detaljfotograferinga i september 2019 vart det nytta Canon EOS R og Panasonic TZ90. Under feltarbeidet i 2018 vart det tatt i overkant av 950 foto. Under feltarbeidet i 2019 vart det tatt 3000 foto. Av desse vart det utført Dstrectch versjonar på alle detaljfoto av bergflata for å sjå om ein kunne få fram fleire figurar eller detaljar ved figurane. Til saman utgjer den totale mengd Dstrectch versjonar i underkant av 74000 foto som dannar bakgrunnen for denne dokumentasjonen.

Det vart under feltarbeidet tatt ein del foto av andre parti av berget på og ved Felt 1 (særskilt i nord) for å sjekke om der var figurar sidan det der og var små overheng samt at det her var tatt ut prøver av geolog. Det vart ikkje funne figurar i dette området, men det er ikkje gjort like omfattande dokumentasjon av desse bergflatene som dei med påviste figurar.

Alle foto blir referert til fotoID. Ved foto som viser ulike Dstrectch filter er det tilnamnet med info om kva Dstrectch filter som er nytta slik at fotoet med t.d. foto med namn 184A6073.jpg, da blir namngitt 184A6073\_crbg.jpg eller 184A6073\_ids.jpg alt etter kva filter som er brukt. Under figurdokumentasjonen ligg referanse til eit utval av foto som representerer dei einskilde figurane. Ein god del av foto inneheld fleire figurar utan at dette alltid er spesifisert.

Under fotografering av Felt 2 i 2019 er noko av fotograferinga uklar pga. dårlig lys der delar av fotoa er ute av fokus. Her kan det med fordel takast fleire foto under betre lystilhøve ved seinare anledning.

Det samla fotomaterialet er oversendt på berbar Harddisk til Innlandet Fylkeskommune. Fotomaterialet er organisert ved årstal, kva som er tatt foto av og dei ulike Dstrectch versjonane for detaljfoto av figurane. Alle referansar i rapporten er tilhøyrande originale fotonamn.



Figur 2. Eksempel på arbeidsflyt ved Felt 1 representert ved originalfoto opp til venstre og 17 Dstretch filter; crbg, lab, labi, lax, lbk, lbl, lds, lrd, lwe, rgb, ybg, ybl, ybr, yds, ywe, yxx, yye. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 3. Eksempel på arbeidsflyt ved Figur 3 og 4 på Felt 1 representert ved originalfoto oppe til venstre og 17 Dstretch filter; crbg, lab, labi, lax, lbk, lbl, lds, lrd, lwe, rgb, ybg, ybl, ybr, yds, ywe, yxx, yye. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 4. Eksempel på arbeidsflyt ved Figur 3 og 4 på Felt 1 representert ved originalfoto oppi til venstre og 17 Dstretch filter; crbg, lab, labi, lax, lbk, lbl, lds, lrd, lwe, rgb, ybg, ybl, ybr, yds, ywe, yxx, yye. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 5. Området med jernutfelling som ved digital dokumentasjon enkelte gongar kan sjå ut som raudmaling under etterarbeidet. Det er difor naudsynt å jamføre med originalfoto og helst kontrollsynfaring i felt.  
Foto:184A4877.JPG. Foto: Jan Magne Gjerde.



Figur 6. Området med jernutfelling som ved digital dokumentasjon enkelte gongar kan sjå ut som raudmaling under etterarbeidet. Det er difor naudsynt å jamføre med originalfoto og helst kontrollsynfaring i felt.  
Foto:184A4877\_ybr.JPG. Foto: Jan Magne Gjerde.




Figur 7. Utsnitt av fotogrammetri fra Felt 1 fra Metashape med figurmarkering der ein ser korleis figurane ligg under overhenget med originalfoto. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 8. Utsnitt frå Metashape med figurmarkering der ein ser korleis figurane ligg under overhenget med lds filter. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 9. Utsnitt av fotogrammetri frå Felt 2 frå Metashape med figurmarkering der ein ser korleis figurane ligg under overhenget med originalfoto. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.




Figur 10. Utsnitt av fotogrammetri frå Felt 2 frå Metashape med figurmarkering der ein ser korleis figurane ligg under overhenget med originalfoto. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.

### 3 Lokaliteten Steinberget ID243303

Lokaliteten Steinberget er skrive inn som ID243303 i Riksantikvaren sin database for kulturminne, Askeladden. Lokaliteten består av to felt med hellemalingar. Lokaliteten ligg på austsida av Espedalsvatnet på odden Steinberget. Felt 1 ligg på ein sørvendt vertikal bergvegg som stuper ned i Espedalsvatnet. Felt 1 består av fleire flater (panel) med hellemalingar. Nokre av figurane ligg under små overheng. Dette har nok vore med på å bevare delar av figurane. Det er vanskeleg å estimere kor stort Felt 1 har vore, men har ei utstrekning på om lag 3,2m i lengde der høgda varierer kvar ein måler på berget i høve til figurane. Felt 1 ligg lengst vest av dei to felta på lokaliteten. Felt 2 ligg om lag 25m søraust for Felt 1. Felt 2 ligg på ei søraust-vendt vertikal der delar av berget i overkant mot nord har rast ned framfor feltet. Felt 2 har ei utstrekning på c. 1,2m i høgde og 1,4m i bredde, men utstrekninga varierer og berg som er borte samt rasmassen gjer det problematisk å seie kor stor flata eigentleg var.



Figur 11. Kart over området med lokaliteten Steinberget ved Espedalsvatnet. Kart basert på Statkart.no og Google Earth. Felta og kvartsittførekomsten er innmålt med GPS. Markeringar i kartet: Felt 1: 611, Felt 2: 609 og Kvartsittførekomst: 610. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 12. Lokaliseringfoto av lokaliteten Steinberget. Felt 1 er markert ved pila til venstre og Felt 2 er markert ved pila til høyre. Foto:184A7270. Foto: Jan Magne Gjerde.

Ifølge geolog Per Storemyr er bergarten ved Steinberget Amfibolitt. Store delar av berget med hellemalingar er dominert av kraftig sprekkdanning der sprekker og ujamnskapar er klart synleg. Overflata av på felt 1 har lys brunleg til lys gul oker i patina<sup>2</sup>. Enkelte stadar på berget ser ein tydeleg at det er ein endra farge i berget som truleg har opphav i ulike utfellingar som da ser ut som endra farge i berget eller fargevariasjon. Bergfernissen (på engelsk namngjeve «silica skin» eller «silica varnish») ligg som eit tynt beskyttande lag over figurane ved Steinberget. Bergfernissen vert danna ved at vatn verkar svakt løyseleg på somme salthaldige mineralar og danna reit tynt lag ved fordamping. Bergfernissen varierer i tjukkleik og er meir framtredande på felt 2 enn på Felt 1 der det om lag ser ut som eit tynt klart gjennomsiktig lag over figurane<sup>3</sup>.

Eit eksempel der overgangen mellom bergfernissen og «det friske berget» kjem tydeleg fram er ved vitringa /avskalinga på den store menneskefiguren på Felt 1 (sjå Figur 43 og Figur 44). Ein annan stad der bergfernissen er tydeleg er rett over Figur 1 på Felt 2 der ein ser det tynne laget heilt ytst på bergflata. Her er truleg partiet over elgfiguren borte etter figurane var laga (Figur 13).



*Figur 13. Bergfernissen kjem tydeleg fram ved Figurnummer 1 på Felt 2. Ein ser den i brotkanten på flata ovanfor der figuren er rett under målestokken der den står fram som ei kvit linje langs brotkanten markert med pil. Utsnitt av Foto 184A5540.JPG. Foto: Jan Magne Gjerde.*

<sup>2</sup> Patina: Det tynne overlagssjiktet som i farge, struktur og kjemisk samansetnad skil seg frå det friske berget under. Patinaen er eit produkt av miljøpåverknad over lang tid.

<sup>3</sup> Bergfernissen kan av og til stå fram som eit tynt lag med klar lakk som dekker berget og da på ein måte «forseglar» figurane.

## 4 Hellemalingane – ei generell skildring

Utgangspunktet for dokumentasjonen var at det var funne 7 figurar på hellemalingane ved Steinberget på det som i dag er Felt 1. Felt 2 vart funne under feltarbeidet i 2019. Totalt er det dokumentert 34 figurar som fordeler seg på 31 figurar eller figurrestar på Felt 1 og 3 figurar og figurrestar på Felt 2.

Pigmentet i figurane ser ut til å være raud jernoksid, ofte kalla raud oker. Fargen varierer noko frå klare og varme til mørkare, blålege nyansar. Ein ser tydleg fargevariasjon i figurane. Figurane varierer i synlegheit frå om lag usynlege ved vanleg augesyn der ein skimtar raudfarge til figurar som er klart synlege med det blotte auget. Mesteparten av figurane ser ut til å være laga med finger og står fram som strekfigurar i fingerbreidd.

Det er sjeldan at me finn overmaling blant hellemalingane i Noreg og oftast dreier det seg om ujamnskapar i dei malte linjene. Figurtettleiken på Felt 1 er ikkje vanleg og ved nærmare augesyn og bruk av Dstretch kjem det fram at fleire av figurane på midtpartiet på Felt 1 overmalar tidlegare figurar. Dette ser ein tydlegast ved Figur 3 og 4, men også ved Figur 6 og 7. Dette gjer at ein kan anta at hellemalingane ved Steinberget er laga i fleire omgangar. Medan dei fleste av figurane held seg innanfor klart inndelte parti mellom sprekker i berget er Figur 6 malt slik at den kryssar sprekka. Ein del av figurane ved Steinberget er klart identifisert som dyrefigurar, der dei fleste avbildar elgar. Ein av figurane er tolka som ein bjørnefigur (men kan være ein liten elg). Figurane er konturmalt bortsett frå den eine bjørnefiguren (Figur 9 på Felt 1). Ein kan også undre seg over om delar av berget har vore smurt inn med raudfarge utan klar figurdanning som t.d. på den runde knollen, der Figur 29 på Felt 1 er og området der Figur 30 på Felt 1 er. Dette er noko ein har lagt meir merke til under seinare dokumentasjon av bergmalingar.


Når ein står framom Felt 1 på Steinberget ser ein tydeleg at det nedste partiet med figurar er svakare og meir erodert enn dei som ligg høgare. Det dannar seg om lag som ei horisontal linje på berget (sjå t.d. Figur 27 og Figur 28) der det ser ut som om mogeleg figurane er borterodert («viska bort» eller ekstremt svake) under denne linja. Ei sannsynleg forklaring på dette er at vasstanden kan ha stått høgare på berget i tidsrommet etter malinga vart gjort. Da vil vatn og is på vinteren polere bort den nedre delen av figuren. Espedalsvatnet varierer mykje i høgde og denne variasjonen er truleg det me ser resultatet av ved at dei figurane som ligg lågast på Felt 1 er «vaska bort». Denne linja kjem tydeleg fram og linjene etter endring i vasstand er veldig tydeleg lågt på berget ned mot vassflata (sjå t.d. Figur 25). Sjølv om dette er vanskeleg å diskutera med sikkerheit vil fluktuasjon av vasstand kunne gjøre at nye figurar måtte malast når dei «gamle» forsvann / vart svakare. Om ein ser på avstanden til vassflata frå menneskefiguren, figurnummer 2 på Felt 1 og midtpartiet ved figurnummer 10 er det slåande at avstanden ned til vassflata er om lag den same og måler ca. 1m og 36cm ned til vassflata. På denne måten er det mogeleg dette er høgaste vassnivå ved Espedalsvatnet etter figurane vart laga.

Ved NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) ligg det data for vasstand ved Espedalsvatnet med daglege målingar frå 1. januar. 1976 og fram til i dag gjennom tenesta Slidre<sup>4</sup>. Den 22 november 2018 var vasstanden ved Espedalsvatnet 721,495moh medan 24 september var vasstanden ved Espedalsvatnet 721,422moh. Når ein sjekkar data frå NVE finn ein at vasstanden ved Espedalsvatnet fluktuerer ganske kraftig til tider. Ifølge data er lågaste vasstand sidan målingane starta på om lag 721,14moh den 29 mars 1980 medan den høgste målte vasstanden er på 722,954 den 2.juni.1995. Avstanden frå frambeinet til figurnummer 12 som er vaska bort til vassflata 24 september var ca. 1,3m og avstanden frå frambeinet i Figur 10 til vassflata er ca. 1m36cm, den same som avstanden frå den tydelege menneskefiguren (figurnummer 2) til vassflata. Utifra desse data ser det ut til at sommaren 1995 stod vatnet rett over 20 cm over lågaste målte figur (figurnummer 12 på Felt 1). I tilfelle desse


4 <https://beta-sildre.nve.no/station/2.415.0?params=1000,1001,1003,17,1002,1004,5130,14,2,0,2003,2002,2040,2001&xmin=189699&xmax=243780&ymin=6806762&ymax=6833030&stationId=2.415.0&tab=0>

data stemmer frå NVE i relasjon til Steinberget stemmer vil nedre del av figurnummer 12 på Felt 1 ligge på ca. 722,72moh. I samsvar til data frå NVE har vasstanden lagt over dette nivået 2 gongar sidan målingane starta i 1976 (31 mai-03 juni 1995 og 23 og 24 mai 2013). Sjølv om dette høyrest mykje ut er det bekrefta av Lars Eggen med stor kjennskap til Espedalsvatnet at vasstanden fluktuerer mykje gjennom året.

Ein kan sjå fleire stadar at utfelling i berget har påverknad på figurane. Dette kjem tydeleg fram i området ved Figurnummer 10 og Figurnummer 11. Her er det tydeleg at den lyse utfellinga dekker delar av figurane (Figur 22).



Figur 14. Vasstand for Espedalsvatnet der ein ser fluktusjon av vasstand med info om kalkulerte nivå for flom henta frå NVE frå 21 september 2020 til 21 oktober 2020. Data frå NVE<sup>4</sup>.



Figur 15. Tabell over fluktusjon av vasstand ved Espedalsvatnet i 2019. Data frå NVE frå 1.januar 2019 til 31.12.2019. Data frå NVE<sup>4</sup>. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 16. Foto av Felt 1 slik det opptrer når ein kjem til lokaliteten i 2018. Foto IMG\_4374.JPG. Foto: Jan Magne Gjerde.



Figur 17. Foto av Felt 1 slik det opptrer når ein kjem til lokaliteten i 2019. Foto 184A5733.JPG. Foto: Jan Magne Gjerde.




Figur 18. Overmaling av figurane på Felt 1. Her ser ein tydeleg korleis figur nr 3 (elgen til venstre) er måla over den meir usynlege figur nr. 4 der ein ser hovudet under hovudet på Figurnummer 3 og frambeinet under buken og bakbeinet bak bakbeinet og kroppen på Figurnummer 3. Foto: P1020405.jpg. Foto: Jan Magne Gjerde.



Figur 19. Overmaling av figurane på Felt 1. Her ser ein tydeleg korleis figur nr 3 (elgen til venstre) er måla over den meir usynlege figur nr. 4 der ein ser hovudet under hovudet på Figurnummer 3 og frambeinet under buken og bakbeinet bak bakbeinet og kroppen på Figurnummer 3. Foto: P1020405\_crgb.jpg. Foto og Dstretch: Jan Magne Gjerde.




Figur 20. Det er mogeleg og truleg at deler av berget hare vore smurt lett med raudfarge slik som t.d. på figur nr 29 på Felt 1(rett framom elgfiguren), men det er vanskeleg å seia dette med sikkerheit. Det kjem fram som uklart definert område med svak maling. Foto: 184A4867.jpg. Foto Jan Magne Gjerde.



Figur 21. Det er mogeleg og truleg at deler av berget hare vore smurt lett med raudfarge slik som t.d. på figur nr 29 på Felt 1(rett framom elgfiguren), men det er vanskeleg å seia dette med sikkerheit. Det kjem fram som uklart definert område med svak maling. Foto: 184A4867\_lre.jpg. Foto Jan Magne Gjerde.



Figur 22. Utfelling i berget som danna reit kvitt belegg som ein del av patinaen kjem tydeleg fram i området ved Figur 10 og 11. Foto P1020420.JPG. Foto: Jan Magne Gjerde.



Figur 23. Ein kan sjå tydeleg at dei lågast plasserte figurane på Felt 1 er «vaska» bort. Truleg er den varierande vasstanden med erosjon og/eller istrang grunnen til dette. Foto 184A6011\_ids.jpg. Foto: Jan Magne Gjerde.



Figur 24. Ein kan tydeleg sjå merkene i berget under figurane på Felt 1 etter variasjonen i vasstanden i Espedalsvatnet der dei opptrer som horisontale linjer den 24 september 2019. Stadiet i bildet måler 4 m i lengde. Foto:184A6723.JPG. Foto: Jan Magne Gjerde.



Figur 25. Ein kan tydeleg sjå merkene i berget under figurane på Felt 1 etter variasjonen i vasstanden i Espedalsvatnet der dei opptrer som horisontale linjer. Den kraftigaste er markert med pil og avstanden frå øvste klare linje med vassmerke på feltet til vatnet er c. 43cm over vassflata den 23 september 2019. 184A5750.JPG. Foto: Jan Magne Gjerde.

## 5 Inndeling av lokaliteten


Lokaliteten er delt inn i to felt, Felt 1 og Felt 2. Totalt er det dokumentert 31 figurar / figurrestar ved Felt 1 og 3 figurar / figurrestar ved Felt 2.

### 5.1 Felt 1


Felt 1 består av fleire små flater (avsatsar) med hellemalingar der majoriteten av figurane er plassert under overheng. Feltet er delt inn i 3 områder i høve til dei store sprekkene som deler inn berget. Dette er gjort for å gjøre det lettare å finne figurane. Grovt sett kan ein dele Felt 1 inn i 3 delar, nordleg del, midtpartiet og sørleg del. På den nordlege delen av Felt 1 er det dokumentert 2 menneskefigurar. Midtpartiet på Felt 1 er der mesteparten av figurane opptrer med 28 figurar nummerert frå Figur 3 til Figur 30. Figur 3-29 ligg på partiet under det store overhenget medan Figur 30 ligg på overhenget på ein liten avsats av denne. Den sørlege delen av feltet er sterkt prega av at mykje av berget er borte. Dette har nok skjedd ved uttak av stein i nyare tid da ein ser klare meiselmerke ved den einaste figuren i det sørlege området på feltet, Figur 31. Avstanden frå Figur 2 lengst nord på Nordleg del av Felt 1 til Figur 31 lengst sør på Felt 1 måler om lag 2,7m i lengde. Midtpartiet på Felt 1 med flest figurar ligg på ei flate med fleire avsatsar. I tillegg ligg ein figur på ein liten avsats som ein del av overhenget som har beskytta hovuddelen av figurane på midtpartiet. Avstanden frå frambeinet til figur 12 som er vaska bort til vassflata 24 september var c. 1,3m og avstanden frå frambeinet i Figur 10 til vassflata er c. 1m36cm, den same som avstanden frå den tydelege menneskefiguren (figurnummer 2) til vassflata.

Motiv / Område	Nordleg parti	Midtparti	Sørleg parti	Totalt
Elg	0	8	0	8
Menneske	2	0	0	2
Bjørn	0	1	0	1
Prikk	0	9	0	9
Linje / Linjer	0	2	1	2
Ubestembar	0	8	0	8
<b>Totalt</b>	<b>2</b>	<b>28</b>	<b>1</b>	<b>31</b>

Figur 26. Tabell med oversikt over tolking av figurmaterialalet på Felt 1. 2 av figurane ser ut som små malingsområder, men er her satt som Ubestembar. For ytterlegare figurskildring og vurdering sjå Figurskildring lenger ned i rapporten.



Figur 27. Steinberget Felt 1 eksportert fra Metashape av originalfoto. Nordleg parti med menneskefigurar, midtpartiet med dyrefigurane og sørleg parti med rest av figur der deler av berget er fjerna. Målestokk 1m. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 28. Steinberget Felt 1 eksportert frå Metashape av lds filter. Nordleg parti med menneskefigurar, midtpartiet med dyrefigurane og sørleg parti med rest av figur der deler av berget er fjerna. Målestokk 1m. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 29 Steinberget Felt 1 eksportert fra Metashape originalfoto med større figurnummerering. Nordleg parti med menneskefigurar, midtpartiet med dyrefigurane og sørleg parti med rest av figur der deler av berget er fjerna. Målestokk 1m. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 30. Steinberget Felt 1 eksportert frå Metashape av Ids filter. Nordleg parti med menneskefigurar, midtpartiet med dyrefigurane og sørleg parti med rest av figur der deler av berget er fjerna. Målestokk 1m. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 31. Steinberget Felt 1 eksportert fra Metashape av lds filter. Nordleg parti med menneskefigurar, midtpartiet med dyrefigurane og sørleg parti med rest av figur der deler av berget er fjerna. Målestokk 1m. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 32. Steinberget Felt 1 eksportert fra Metashape originalfoto med større figurnummerering. Midtpartiet med dyrefigurane Målestokk 50cm. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 33. Steinberget Felt 1 eksportert fra Metashape originalfoto. Midtpartiet med dyrefigurane Målestokk 50cm.  
Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 34. Steinberget Felt 1 eksportert fra Metashape Ids filter. Midtpartiet med dyrefigurane Målestokk 50cm.  
Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.

## 5.2 Felt 2

Felt 2 består av ei flate med 3 figurar som måler c. 1,2 (høgde) og 1,4m bredde. Området framom figuren er dekka med nedrast masse, så feltet kan ha vært litt større. Det kan sjå ut som at berget over figur 1 på Felt 2 er fjerna. I tillegg kan det sjå ut som ein stor del av berget mellom Felt 2 og Espedalsvatnet kan ha vore fjerna som ein del av bergverksdrift, men det er vanskeleg å seia med sikkerheit. Avstanden ned dei nedraste massane frå elgfiguren (Figur 1 på Felt 2) er c. 40 cm.


Elgfiguren som kjem tydeleg fram er laga inni ei forseinking i berget som ser ut som er bevisst valt til denne figuren. Elgen er på veg til høgre opp langs sørsida av Steinberget formasjonen.

Motiv	Antall
Elg	1
Ubestembar	2
<b>Totalt</b>	<b>3</b>

Figur 35. Tabell med oversikt over figurar / figurrestar ved Steinberget Felt 2. For ytterlegare figurskildring og vurdering sjå Figurskildring lenger ned i rapporten.



Figur 36. Steinberget Felt 2 eksportert frå Metashape original. Målestokk 1m. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.




Figur 37. Steinberget Felt 2 eksportert fra Metashape Ids filter. Målestokk 1m. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 38 Steinberget Felt 2 eksportert fra Metashape original med figurnummer 1-3 klarare markert. Figur nr. 1 og 2 ligg til venstre (1 øvst og 2 nedst), medan figurnummer 3 ligg om lag midt i biletet. Målestokk 1m. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.




Figur 39. Steinberget Felt 2 eksportert frå Metashape original med figurnummer 1-3. Figur nr. 1 og 2 ligg til venstre (1 øvst og 2 nedst), medan figurnummer 3 ligg midt i biletet. Her ser ein korleis rasmassane dekkar deler av berget når ein står på avstand. Målestokk 1m. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 40. Steinberget Felt 2 eksportert frå Metashape lds filter med figurnummer 1-3. Figur nr. 1 og 2 ligg til venstre (1 øvst og 2 nedst), medan figurnummer 3 ligg om lag midt i biletet. Her ser ein korleis rasmassane dekkar deler av berget når ein står på avstand. Målestokk 1m. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 41. Steinberget Felt 2 eksportert frå Metashape. Her er bergflata «tilta» slik at ein ser bergflata rett forfra og ikkje på skrå lutande innover utan rasmassane framom. Målestokk 1m. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.



Figur 42. Steinberget Felt 2 eksportert fra Metashape med lds filter. Her er bergflata «tilta» slik at ein ser bergflata rett forfra og ikkje på skrå lutande innover utan rasmassane framom. Målestokk 1m. Illustrasjon: Jan Magne Gjerde.

## 6 Generell tilstand av hellemalingane

Det er utført geologisk (ved Per Storemyr) og botanisk (ved Torbjørg Bjelland) synfaring av lokaliteten i 2018. På generelt grunnlag kan ein seia at delar av lokaliteten er særskada. Det er også delar av figurane som er skada av ulike forvitningsprosesser. Ein ser tydeleg avskalingar og det er parti med (bom) holrom som på den store menneskefiguren (Felt 1, Figur 1). Det er ikke utført detaljstudie av skadeomfang ved figurane under dokumentasjonsarbeidet i samband med denne rapporten.



Figur 43. Figur nr 1 og 2 på Felt 1. Her ser ein tydeleg parti rundt figurane som syner avskalingar der deler av figurane er skada med ulik vitring. Her ser ein den naturlege «grøne» fargen til berget medan det som er overflata i dag er gulbrun patina. Ein ser og utfelling i berget på bergflata.. Foto: 184A4523.JPG. Foto: Jan Magne Gjerde.



Figur 44. Figur nr 1 og 2 på Felt 1. Her ser ein tydeleg parti rundt figurane som syner avskalingar der deler av figurane er skada med ulik vitring. Ved Dstretch kjem den tydelege utfellinga og skader betre fram. Foto: 184A4523\_lwe.JPG. Foto: Jan Magne Gjerde.

## 7 Menneskeskapte skader frå figur til lokalitet

Under feltarbeidet i 2018 vart det avdekka innriss over delar av figurmassen. Dei er vanskelege å få augo på ved første augekast og vanskeleg å dokumentere. Det vart tatt detaljfoto av desse inskripsjonane av Unni Tveiten Grøtberg i november 2018. Det kunne sjå ut som bokstavar eller løkkeskrift, men det var vanskeleg å skilje ut noko meir klart enn innriss. Slike innriss er ikkje uvanlege på lokalitetar med bergmaleri. Innrissa vart sjekka opp av Innlandet Fylkeskommune i henhold til dei fyrste fotoa av lokaliteten og dei kom fram også på desse biletta. Dette gjer at ein veit at innrissa er utført før hellemalingane var allment kjent i 2018. Ein kunne sjå tydelege innriss med loddrette strekar over figur 3 (2)<sup>5</sup>, over bakbeina på Figur 5 (rett framom bakre bein), ned langs fremre bakbein på Figur 6 (4), over Figur 10 (5) ved fremre forbein i tillegg til antyding til riss mellom Figur 3 (2) og Figur (6).

Ein ser at det er tatt stein frå lokaliteten på Felt 1 der delar av berget er fjerna under Figur 31 på Felt 1. I tillegg ser ein tydelege meiselspor i berget på flata med Figur 31 på Felt 1. Ein ser og at deler av den opphavelege bergflata er borte.



*Figur 45. Foto av hellemalingane med innriss tatt i november 2018. Ein ser svake innriss framom frambeinet på Figur nr. 10 samt på det fremste bakbeinet og oppover forbi rygglinja på Figur nr. 6. Dei tydelegaste innrissa er markert med pil på fotoet. DSC06077.JPG. Foto: Jan Magne Gjerde.*

<sup>5</sup> Tall i parentes viser til notat og midlertidig figurdokumentasjon i felt frå 2018.



Figur 46. Meiselspor i berget ved Figur 31 på Felt 1. Dei tydelegaste meiselspora er markert med piler. Foto 184A6283.JPG. Foto: Jan Magne Gjerde.



Figur 47. Parti av Felt 1. Figur 31 ligg om lag midt i bildet. Her er truleg store deler av berget borte under Figur 31 der ein og ser spor etter meisel. Foto: Jan Magne Gjerde.



Figur 48. Daldraget opp langs Felt 2. Felt 2 ligg på bergflata rett til venstre for markering med pil. Her ser det ut som store delar av berget er fjerna ved moderne bergverksdrift. Lenger oppe i daldraget fant me spor etter boreaktivitet. Det er mogeleg at noko av denne massen er rasa naturleg framom Felt 2, men heile området vitnar om bergverksaktivitet. Foto: P1030962.JPG. Foto: Jan Magne Gjerde.



Figur 49. Felt 2. Her ser ein at deler av det opphavelege berget er borte og truleg er berget rett over Figur 1 på Felt 2 rett nedanfor den vesle målestokken borte. Foto: 184A7340.JPG. Foto: Jan Magne Gjerde.



Figur 50. Spor etter moderne bergverksdrift i daldraget rett ovanfor Felt 2. 184A6679.JPG. Foto Jan Magne Gjerde.

## 8 Datering, kontekst og samanlikning med andre lokalitetar

Basert på tidlegare studiar når det kjem til datering av hellemalingane er det truleg at dei kan daterast til yngre steinalder. Vi har få moglegheiter i dag til å få sikre dateringar på hellemalingar, særskilt som er non-destruktive og ikkje vil føre til skader på bergkunsten. Generelt i Fennoskandia er hellemalingane datert til frå siste del av eldre Steinalder t.o.m. Bronsealder. For hellemalingane ved Steinberget syner dei likskapar med bergkunst laga av jeger-sankrarar. Difor er det truleg at dei tilhøyrer fangstgrupper med tilhald i Innlandet i yngre steinalder.

Hellemalingane er truleg laga i fleire omgangar, truleg over lang tid. Ulike fargepigment (farge, tydelegheit) kan og indikere ulik tid. I tillegg støttar overmalinga ved Figurnummer 3 og 4 og Figurnummer 6 og 7 på Felt 1 at figurane ved Steinberget kan være laga over lang tid. Elers er mykje av dei ulike fargenyansane og sjatteringane som kjem fram ved Dstretch ser ut til å være knytt til ulik utfelling og derav ulik patina sjølv om noko av dette kan vere ulike tidsfasar.

Området der Steinberget ligg innehavar eit av dei største elgtrakka i Nord-Europa som truleg har lagt i same området i tusenvis av år. Sjølv om det er ein rimeleg jaktorientert tolking er det ikkje utenkeleg at lokaliteten kan sjåast i samanheng med det rike området for elg og dei store mengdene med fangstgroper og fangstgropsystem i området der truleg nokre av desse kan setjast i samanheng med aktivitetar der hellemalingane kan ha inngått i ein større samanheng.

Steinberget er den første kjende lokaliteten med hellemalingar i Innlandet. Når ein ser på den kjende distribusjonen av hellemalingar og helleristningane frå Steinalderen i Noreg er Innlandet underrepresentert og til no er det berre kjent 1 lokalitet med hellemalingar (Steinberget) og 6 lokalitetar med helleristningane som truleg kan daterast til steinalderen: Dokkfløy, Drotten, Eidefossen, Glemestad, Møllerstufossen og Stein (Haukalid, 1999; Mikkelsen 1977; Vogt et.al. 2013).

Når det kjem til lokalisering er det klare likskapar med lokalisering av hellemalingar i Noreg og i resten av Fennoskandia. Majoriteten av hellemalingane som er kjent ligg lokalisert på liknande måte der dei ligg på klippeveggar som stuper ned i vatnet. Dette gjer at dei truleg er laga frå båt eller når ein sto på isen under vinteren (Gjerde 2010).

